



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Fosse Fidjestøl, 5764 3156

## Vedtak i klagesak som gjeld detaljregulering Engebø, Sunnfjord kommune

Vi viser til oversending frå tidlegare Naustdal kommune 28.10.2019, som gjeld klage på vedtak frå kommunestyret 28.08.2019, sak 19/040. Det er klaga innan fristen, og vilkåra for å handsame saka er oppfylte. Det er også sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket frå fleire kommunerepresentantar, jf. vår ref. 19/21020.

### Vedtak

**Fylkesmannen tek ikkje klagen til følge. Vi stadfester vedtaket frå Naustdal kommunestyre 28.08.2019, der detaljreguleringsplanen for Engebø vart godkjent.**

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Naustdal vedtok detaljreguleringsplanen for Engebø<sup>1</sup> i sak 19/040 den 28.08.2019.


Gjeldande reguleringsplan, reguleringsplanen for utvinning av rutil i Engebøfjellet<sup>2</sup>, vart vedteken av Askvoll og Naustdal kommunar i 2011, og i 2015 vart planen etter motsegn endeleg stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet, samstundes som Klima- og miljødepartementet gav utsleppsløyve.

Planen la til rette for utvinning av mineral frå Engebøfjellet. Det skulle etablerast dagbrot og underjordsdrift (gruver) med naudsynte tiltak for produksjon av metall. Planen omfattar deponiområde for avdekkingsmassar og gråberg på land, og deponiområde i Førdefjorden for avgangsmassar/restmassar frå produksjonen. Planen omfattar òg prosessområde og opprusting av eksisterande kaiområde, i tillegg til tekniske løysingar for ferdsel, kraftforsyning (ny kraftline) m.m.


Reguleringsplanen for Engebøfjellet var utarbeidd etter plan- og bygningslova av 1985, og hadde krav om utbyggingsplanar for deler av planområdet – nærare bestemt for serviceområdet på fjellet og prosessområdet mellom fylkesvegen og sjøen. Etter gjeldande plan- og bygningslov svarar «utbyggingsplan» til krav om detaljregulering.

<sup>1</sup> PlanID: 143320180049: [https://webhotel3.gisline.no/Webplan\\_4647/gl\\_planarkiv.aspx?planid=143320180049](https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4647/gl_planarkiv.aspx?planid=143320180049)

<sup>2</sup> PlanID: 143320070035.



Reguleringsplankart for Engebøfjellet, (utsnitt av land-delen) vedteken i 2011, stadfesta i 2015



Detaljregulering for Engebø, utsnitt frå plankart



Detaljreguleringsplanen for Engebø, som denne klagen gjeld, omfattar heile landdelen av planområdet i reguleringsplan for Engebøfjellet (2011) - og litt av regulert «trafikkområde i sjø». Regulert område for deponi i sjø er såleis ikkje med i detaljreguleringa, og planen vedteken i 2011 gjeld framleis der.

Som vi ser av plankarta, er planområde og arealføremåla på land stort sett uendra, men det har, ifølgje planomtalen, synt seg aktuelt med endringar nokre stader i planområdet. Endringane har bakgrunn i endra krav og løysingar som er avdekte i samband med detaljplanlegging og innleiande prosjektering. Denne detaljreguleringsplanen for Engebø omfattar planendringar og meir detaljerte løysingar for landområdet enn i planen frå 2011.

Endringane omfattar m.a. omlegging av fylkesvegen og nye kryssløysingar ved denne, omlegging av driftsveg til/på fjellet (to stader), flytting av serviceområdet på fjellet og at planlagd kraftleidning til fjellet og eksisterande kraftleidning langs fjorden vert lagde i jordkabel. Terrengavrundinga rundt dagbrotet vert no plassert i området for vegetasjonsskjerm (låg tidlegare inne i dagbrotområdet). Planen legg og til rette for leidning langs fylkesvegen frå vest for vasstilførsle frå Skorva (Markevattkraftverk).

I tillegg til gjeldande reguleringsplan er området også omfatta av kommunedelplan Vevring, vedteken 17.03.2016. Om utvinning av rutil står det m.a. at det må setjast av areal slik at Vevringsamfunnet kan hauste gevinstar av prosjektet i form av arbeidsplassar, etableringar og bustadbygging. I kommunedelplanen er arealbruk for området på Engebø i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

#### *Klagene*

Reguleringsplanvedtaket er klaga på av Arctic Mineral Resources AS, Naturvernforbundet og fleire grunneigarar.

Arctic Mineral Resources AS klaga på vedtaket den 19.09.2019.

Arctic Mineral Resources AS (AMR) er eit selskap som ønskjer å utvinne mineralet granat frå Engebøfeltet. Fem grunneigarar innanfor planområdet har overdrege mineralrettane sine til AMR.

Dei hevdar at planen er ugyldig fordi han regulerer annan manns eigedom utan avtale med grunneigarar. Vidare hevdar dei at omregulering frå råstoffutvinning til veg ikkje er berekraftig. AMR viser til at det i detaljreguleringsplanen er sett av eit område til vegformål rundt tunellen der fylkesvegen går. Denne vil ha form som ein sylinder rundt vegen, med ein radius på 50 meter, vist i plankartet nedst til venstre, jf. illustrasjon side 3. Den planlagde vegsynderen fjernar etter AMR sitt syn store deler mineralrikt verdifullt fjell. Som eit alternativ bør AMR heller kunne avtale trafikktryggleik med Statens vegvesen. AMR meiner omregulering til vegsynder burde ha vore konsekvensutgreidd, og at planane burde ha vore sett meir i samanheng med kvarandre. Vidare peiker dei på at Sunnfjord kommune burde ha fått teke stilling til reguleringsplanen, på grunn av kommunesamanslåinga.

AMR har òg sett fram krav om erstatning frå kommunen.

Fleire grunneigarar har sendt inn ein samla klage 11.09.2019. Desse er



- Atle Wefring, gnr. 29 bnr. 3
- Torgeir Vefring, gnr. 29 bnr. 5
- Geir og Anbjørg Kalstad, gnr. 29 bnr. 6
- Jostein og Veronica Standal, gnr. 29 bnr. 9 og 11
- Stian og Åse Marie Thingnes, gnr. 29 bnr. 10

Grunneigarane hevdar at planen ikkje kan vedtakast før oreigning er vedteken, og at Nordic Mining ikkje har nokon rettar på deira eigedomar. Vidare meiner dei at reguleringa legg opp til at Nordic Mining kan utnytte ressursane på ein lite berekraftig måte.

Naturvernforbundet klaga på vedtaket i brev av 19.09.2019. Natur og Ungdom har i e-post av 19.09.2019 skrive at dei stiller seg bak og støttar klagen frå Naturvernforbundet.

Dei meiner Sunnfjord kommune burde ha teke stilling til saka, og at når dei ikkje har gjort det, manglar vedtaket demokratisk legitimitet.

Naturvernforbundet stiller vidare spørsmål ved om detaljregulerings-saka er tilstrekkeleg og nøytralt opplyst, og om kommuneleiinga er habil når eit selskap med interessefelleskap med Nordic Mining er vald til å rådgje kommunen i saka om detaljregulering for Engebø. Naturvernforbundet er uroa over at det er planlagt utslepp i Førdefjorden når området er gytefelt for kysttorsk, og elles er artsrik og ein mykje nytta matfjord. Naturvernforbundet meiner det er mange år sidan saka vart handsama sist, og at Naustdal kommune difor burde ha lagt nye opplysningar om nasjonal og internasjonal miljøstatus til grunn, og avvist detaljregulerings-saka.

Naustdal kommune ved formannskapet handsama klagen i møte 17.10.2019, sak 09/091, men fann ikkje grunn til å ta klagen til følgje. Saka vart deretter oversendt hit for endeleg klagehandsaming.

Det er også sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket. Denne vert handsama som eiga sak.

## **Regelverk**

### *Klage på reguleringsplan*

Fylkesmannen er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vi skal som klageinstans sjå til at kommunen under handsaminga av saka har følgd dei lovene, forskriftene og sakshandsamingsreglane som gjeld på området. Fylkesmannen kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnet skal Fylkesmannen leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Fylkesmannen si primære oppgåve som klageinstans er å kontrollere at den kommunale sakshandsaminga er i samsvar med regelverket, og at dei omsyna som er lagt vekt på i vurderingane og som ligg til grunn for utfallet, er saklege.

Etter plan- og bygningslova § 3-3 er det kommunestyret som er planstyresmakt og som har ansvaret for arbeidet med reguleringsplanar. Det er kommunestyret som etter ei omfattande vurdering av dei ulike omsyna i planområdet, avgjer kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12.



Reguleringsplanar vert til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess. Plan- og bygningslova §§ 12-8 til 12-10, jf. kap. 4, har nærare føresegner om korleis framlegg til reguleringsplanar skal handsamast. Sakshandsamingsreglane skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei planen får følgjer for. Gjennom grundige planprosessar skal kommunen sikre at offentlege og private standpunkt kjem fram, slik at planar for arealdisponeringa vert fastlagt på eit best mogleg grunnlag. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordelar og ulemper vegast mot einannan. Dette vil regelmessig føre til at planane får negative konsekvensar for einskilde.

Forvaltningslova gjeld elles ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova der det ikkje er bestemt noko anna, jf. plan- og bygningslova § 1-9. Dersom det vert gjort sakshandsamingsfeil under arbeidet med ein reguleringsplan, vil vedtaket likevel kunne vere gyldig når det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha hatt verknad for resultatet, jf. forvaltningslova § 41.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Planarbeidet skal i samsvar med pbl. § 1-1 fremje lova si målsetjing om berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Det er kommunestyret som er ansvarleg for planarbeidet i kommunen og som skal ta stilling til om eit område skal regulerast og til kva formål. Det er eit spørsmål som er underlagt kommunen sitt frie skjøn.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar vil det ofte vere motstridande omsyn. Spørsmålet vert då om dei vurderingane som ligg til grunn for valet av reguleringsformål og utforming av reguleringsføresegner har vore tilstrekkeleg grundige og byggjer på lovlege reguleringsmessige omsyn. Fylkesmannen må ved handsaminga av klagesaka også vurdere om det er gjort sakshandsamingsfeil i reguleringsprosessen.

Det ligg ikkje føre motsegn mot reguleringsplanen frå aktuelle statlege eller regionale fagorgan. Vilkåra for at kommunen kan eigengodkjenne planen er dermed til stades, jf. pbl. § 12-12, jf. § 12-13 og § 5-4.

#### *Klagen frå Arctic Mineral Resources*

Arctic Mineral Resources AS (AMR) er eit selskap som er oppretta for å utvinne mineralet granat frå Engebøfeltet. Fem grunneigarar innanfor planområdet har overdrege mineralrettane sine til AMR. Vi har kome til at AMR har slik tilknytning til grunneigarar, planområdet og framtidig verksemd der slik at dei har tilknytning til saka og ei aktuell interesse i å klage. Vi har kome til at AMR har rettsleg klageinteresse, og dermed klagerett, jf. forvaltningslova § 28.

AMR hevdar at planen er ugyldig fordi han regulerer annan manns eigedom utan avtale med grunneigarar.

Utgangspunktet er at plan- og bygningslova regulerer forvaltning av areal, og i mindre grad konkrete verksemder, jf. ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 233:

*«Reguleringsplan gjelder i utgangspunktet regulering av fysiske ressurser og ikke aktivitet og virksomhet som sådan. Slik plan kan heller ikke bestemme hvem som skal stå for gjennomføringen av den eller benytte bygninger, anlegg og grunn. Dette er forhold som til vanlig fastsettes i konsesjoner eller tillatelser etter andre lover. Utenfor reguleringshjemmelen faller også forhold av privatrettslig karakter.»*

Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området, og er bindande for nye eller utviding av eksisterande tiltak, jf. plan- og bygningslova § 12-4. Reguleringsplanen stiftar ikkje nokon rett for



private partar eller for det offentlege, og slettar heller ikkje etablerte rettar som eigedomsrettar, avtalar, hefte og liknande. Den som har rettar knytte til ein eigedom, må på same måte som grunneigaren godta at kommunen styrer arealbruken gjennom ein lovleg vedteken reguleringsplan. Kommunen har ikkje plikt til å medverke til gjennomføring av private avtalar, og har heller ikkje heimel til å gje føresegner om privatrettslege forhold i planen, jf. sitatet over.

Reguleringsplan gjev heimel for oreigning, jf. plan- og bygningslova § 12-4 fjerde ledd og § 16-2, men oreigning er ikkje ein del av plansaka. For saker som er underlagt minerallova, gjeld reglar om oreigning i minerallova kapittel 7. Dette er heller ikkje del av reguleringsplansaka.

AMR har klaga på at det i ein sylinder med radius 50 meter rundt senterlina i vegbana til fylkesvegen gjennom Engebøtunellen, ikkje skal kunne gjerast inngrep, og dei meiner at denne endringa skulle ha vore konsekvensutgreidd fordi konsekvensane av å hindre uttak av store mengder mineralrikt og verdifullt fjell vert store for AMR.

Krava til konsekvensutgreiing (KU) for detaljreguleringsplanar følgjer av plan- og bygningslova § 12-10 første ledd siste setning, jf. § 4-2 med tilhøyrande forskrift<sup>3</sup> (KU-forskrifta).

Det følgjer av plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd at konsekvensutgreiing skal utarbeidast for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det følgjer vidare av KU-forskrifta at reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg I skal konsekvensutgreiast. Det er unntak frå kravet der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i tidlegare plan, og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen, jf. KU-forskrifta § 6 bokstav b.

Planomtalen punkt 2.3. drøftar behovet for konsekvensutgreiing. Sidan dette er ei detaljregulering som byggjer på ein gjeldande reguleringsplan og utan store endringar av denne, kom kommunen ved starten av planarbeidet til at det ikkje er krav om planprogram eller om konsekvensutgreiing etter forskrifta. Unntaket i KU-forskrifta § 6 bokstav b gjeld. Avvik frå tidlegare plan er elles vurderte etter forskrifta §§ 6-8, jf. 4. Oppfangskriteria i vedlegg I og II er ikkje funne relevante for planarbeidet.

Det er i eige dokument i plansaka gjort nærare greie for kva endringar detaljreguleringa medfører samanlikna med eksisterande reguleringsplan for Engebøfjellet. I planomtalen vert det konkludert med at endringane er små, men at endringane skal vurderast. Verknadene av planendringane knytte til følgjande tema er vurdert særskilt i planarbeidet, sjå kapittel 5 i planomtalen.

- Landskap
- Naturmangfald
- Støy knytt til driftsvegen («dumperveg») mellom Serviceområdet og dagbrotet
- Dimensjonering av omlagt fylkesveg 611 m/kryss
- Kulturminne (på bakgrunn av gjennomførte utgravingar)
- Skredvurdering for prosessområde og infrastruktur

Vidare inneheld planomtalen kapittel 6 risiko- og sårbarheitsanalyse, og kapittel 7 ei vurdering etter naturmangfaldlova.

---

<sup>3</sup> Forskrift 21.06.2017 om konsekvensutredninger



Planen har vore på høyring, og det går fram av plandokumenta at mellom anna Miljødirektoratet, Direktoratet for mineralforvaltning, NVE, Fylkesmannen og Fylkeskommunen har hatt høve til å uttale seg om saka.

Sylinderen med 50 meter radius er ikkje særskilt utgreidd med omsyn til konsekvensar for aktørane som kan tape på at området innanfor 50 meter radius frå Engebøtunnelen i utgangspunktet ikkje kan utvinnast.

Krava til konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova knyter seg, som nemnt over, til vesentlege verknader for miljø og samfunn. Her vert det vist til uheldige verknader for AMR, som er ein aktør som skal utvinne mineral. Denne type verknader for aktørar utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Elles ligg fylkesvegen og Engebøtunnelen i planområdet frå før, og har såleis vore kjend for partane. Det går fram av saka at Statens vegvesen har gitt innspel til saka gjennom møte, for å sikre gode vegløyningar, som mellom anna har resultert i nedanfor nemnde planomtale og føresegner. Sylinderen blir teken inn i planen av omsyn til trafikktryggleiken, og denne må naturleg nok følgje traseen til den eksisterande fylkesvegen. Her har kommunen gjort ei interesseveging, der eventuelt tap for aktøren må vurderast opp mot tryggleiken, som veg tyngst. Det går fram av merknader frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMT) at dei vurderer sylinderen som akseptabel, og dei har bede kommunen om å ta inn føresegner som opnar for gruve drift nærare tunnelen dersom det er mogleg ut frå tryggleiksomsyn. Dette har kommunen teke omsyn til.

Det går fram av planomtalen punkt 4.8 at

*«Engebøtunnelen (fylkesvegen) går gjennom gruveområdet, og i eit område regulert til vegføremål rundt denne, er det ikkje høve til å ta ut steinmassar – unnateke moglege driftstunnelar for gruve drifta. Desse kan etablerast i samråd med, og etter løyve frå, vegstyresmakta. Regulert vegføremål er ein sylinder med radius 50 meter og senter i midtlinja i fylkesvegen.»*

Dei likelydande planføresegnene i punkt 1.2 og punkt 2.6 gjev avklaring på denne problemstillinga:

*«I ein sylinder med radius 50 meter rundt senterlina i vegbana til fylkesvegen, kan det i utgangspunktet ikkje gjerast inngrep for gruve drift. Etter avtale med vegeigar kan det likevel opnast for transporttunnelar knytt til gruve drifta. ....*

*I ovannemnde sylinder kan det likevel opnast for gruve drift, dersom det vert dokumentert å vere sikkerheitsmessig mogleg.»*

Fylkesmannen konkluderer med at detaljreguleringa er tilstrekkeleg utgreidd med omsyn til konsekvensar av planen for miljø og samfunn.

AMR meiner vidare at planen burde ha vore sett meir i samheng med plan for detaljreguleringsplan for vassleidning Skorva – Engebø, som kryssar Førdefjorden, og legg til rette for vassforsyning til Engebøprosjektet frå vasskjelda i Skorva (Nedre Markevatn kraftstasjon) til Engebø.

Kommunen viser til at dei har hatt parallelle planprosessar og at føresegnene legg til rette for vassforsyning og framføring av vatn i vassleidningen som er regulert i annan reguleringsplan.



Det er i planomtalen vist til tilhøvet til detaljregulering for vassleidninga i punkt 2.2, 4.1, 4.3, 4.6 og 6. Av punkt 4.3 går det mellom anna fram at detaljreguleringa for Engebø opnar for begge alternativ for leidningstrase som detaljreguleringa for vassleidninga har skissert. Av punkt 4.6 går det fram at deponimassar frå Gråbergdeponiet skal vere tilgjengelege for realisering av fortau i reguleringsplanen for vassleidninga.

Det går fram av plankartet at det er sett av område til vassforsyningsanlegg, BVF, og det går fram av føresegnene punkt 1.4 at det her kan plasserast tank/basseng og andre anlegg for vassforsyning.

Det går vidare fram av planføresegnene punkt 0.1.4. at «*Ved legging av vassleidning og straumkabel, i medhald av detaljregulering Skorva-Engebø, skal løysing for gåande og syklande opparbeidast som grusveg over traseen for vassleidning og straumkabel.*»

Fylkesmannen vurderer det etter dette slik at tilhøvet til annan reguleringsplan er avklart.

AMR meiner vidare at Sunnfjord kommune burde ha fått teke stilling til reguleringsplanen, sidan kommunane skulle samanslåast.

Spørsmålet er om kommunen skulle ha venta med å handsame reguleringsplanen for at Sunnfjord kommune skulle ta stilling til planen. Fylkesmannen presiserer at planmyndigheita ligg til det til kvar tid sitjande kommunestyret. Det er ikkje gitt overgangsføresegner om planarbeid eller interkommunal planlegging for kommunar som skulle slå seg saman med verknad frå 01.01.2020. Kor vidt eit planarbeid bør utsetjast i påvente av ei slik samanslåing er det då planmyndigheita, dvs. kommunestyret sjølv, som avgjer, jf. plan- og bygningslova § 3-3.

AMR har saman med klagen sett fram krav om erstatning frå kommunen. Fylkesmannen tek ikkje stilling til dette. I den grad klagaren meiner å ha eit krav mot kommunen, og ønskjer å forfølge eit slikt krav, må dette eventuelt rettast mot kommunen og løysast etter alminnelege erstatningsrettslege føresegner og eventuelt gjennom ein domstolsprosess.

#### *Klagen frå grunneigarane*

Grunneigarane hevdar at planen ikkje kan vedtakast før oreigning er vedteken, og at Nordic Mining ikkje har nokon rett på deira eigedomar. Vidare hevdar dei at reguleringa legg opp til at Nordic Mining kan utnytte ressursane på ein lite berekraftig måte.

Ein reguleringsplan er ein plan som styrer arealbruken i eit særskilt område. Det er kommunestyret som er ansvarleg for å avgjere kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12. Rettsleg sett er det også slik at eit planframlegg blir 'kommunen sitt' framlegg, frå det tidspunktet kommunen vel å fremje det ved å legge utkastet ut til offentleg ettersyn, sjå plan- og bygningslova § 12-10 første setning.

Som nemnt over, så stiftar ikkje reguleringsplanen nokon rett for private partar eller for det offentlege. Planvedtaket slettar heller ikkje etablerte rettar, som eigedomsrettar, avtalar, hefte og liknande. Den som har rettar knytte til ein eigedom, må på same måte som grunneigaren godta at kommunen styrer arealbruken gjennom ein lovleg vedteken reguleringsplan. Kommunen har ikkje plikt til å medverke til gjennomføring av private avtalar, og har heller ikkje heimel til å gje føresegner om privatrettslege forhold i planen.



Ein reguleringsplan er såleis ikkje tilstrekkeleg for at planen kan gjennomførast. Det kan i tillegg vere nødvendig med konsesjonar, byggjeløyve og avklaring av private forhold. Dersom planen føreset inngrep i private rettar, gjev ein vedteken reguleringsplan oreigningsheimel. Dette følgjer av plan- og bygningslova § 12-4 fjerde ledd og § 16-2 første ledd. For saker som er underlagde minerallova, gjeld reglar om oreigning i minerallova kapittel 7. Dette er ikkje del av reguleringsplansaka. Planen i seg sjølv medfører såleis ikkje at Nordic Mining har fått nokon særskilt rett til verksemd i området.

Grunneigarane hevdar at kommunen ikkje har teke inn over seg at totalt volum er redusert frå 250 millionar tonn til 42 millionar tonn, og frå eit årleg volum på 4 millionar tonn til 1,5 millionar tonn. Grunneigarane hevdar at Nordic Mining vil utnytte massane dårleg og at dette fører til unødvendig dumping i fjorden og til tap for grunneigarar og kommune. Grunneigarane meiner vidare at detaljreguleringa skulle ha omfatta storleik på årleg uttak, vassleidning og fjorddeponi. Grunneigarane meiner at planen diskriminerer til ulempe for AMR, som dei meiner har eit prosjekt som er berekraftig, miljøvennleg og har positiv langtidsverknad på lokalsamfunnet.

Fylkesmannen viser på nytt til at reguleringsplanen avklarar arealbruken, ikkje verksemd, og at planen ikkje avgjer kven som eventuelt skal drive verksemd i området. Storleik på årleg uttak vert ikkje teke stilling til i detaljreguleringsplanen, men gjennom konsesjon og andre løyve. Vi viser til det som er skrive over, under klagen frå AMR. Vi viser også til det vi har skrive over, med omsyn til at planen medfører reduksjon av området for utvinning på grunn av tryggleikssone rundt Engebøtunnelen.

Vi viser også til at vassleidning er omfatta av annan plan, og at fjorddeponiet ikkje er ein del av denne detaljreguleringa. Elles viser vi til det som er sagt over om tilhøvet til reguleringsplanen for vassleidninga.

#### *Klagen frå Naturvernforbundet*

Naturvernforbundet, er ein landsomfattande organisasjon med 31 000 medlemmar og som arbeider for natur- og miljøinteresser. Detaljreguleringa vidarefører inngrep i naturen og råkar såleis interessene Naturvernforbundet skal ivareta. Vi har kome til at Naturvernforbundet såleis har ei slik tilknytning og aktuell interesse i saka at dei her rettsleg klageinteresse, og dermed klagerett, jf. forvaltningslova § 28.

Naturvernforbundet meiner at planvedtaket har manglande demokratisk legitimitet, og burde ha overlata til politikarane i Sunnfjord kommune å vedta detaljreguleringa.

Fylkesmannen viser til det vi har sagt om det same klagepunktet over, til klagen frå AMR.

Naturvernforbundet stiller spørsmål ved om konsulentfirmaet Promin, som på grunn av sin bergfaglege kompetanse har gitt råd til kommunen om bergfaglege spørsmål, er ugilde til å legge til rette grunnlaget for plansaka. Promin er ein del av leiinga i Nussir ASA - som planlegg å dumpe gruveavfall i Repparfjorden. Naturvernforbundet meiner koplinga mot gruveselskapet Nussir ASA gjer at Promin har eit interessefellesskap med gruveselskapet Nordic Mining, og derfor er ugilde til å gje bergfaglege råd til kommunen i saka.

Nussir ASA er eit norsk gruveselskap som skal drive utvinning av kopar i Nussir-feltet i Hammerfest kommune (tidlegare Kvalsund kommune) i Troms og Finnmark. KMD stadfesta reguleringsplan for prosjektet i mars 2014 og i desember 2015 gav KMD utsleppsløyve til å etablere eit fjorddeponi i Repparfjorden for avgangsmasse frå produksjonen. Nussir ASA har ni personar i si leiargruppe. Ut



frå nettsidene til Promin og Nussir ASA, er tre av fem medarbeidarar i Promin også i leiinga i Nussir ASA. Det er difor slik nærleik mellom Promin og Nussir ASA at vi må vurdere om den har betydning for Promin si deltaking i tilrettelegginga av plansaka.

Reglar om ugildskap finn vi i forvaltningslova kapittel II. Det følgjer av § 6 første ledd at dersom ein er ugild, gjeld ugildskapen å «tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse». Det vil seie at vurderingar gjorde som førebuing før vedtaket, også er omfatta. Det går fram av saka at Promin har utarbeidd eit notat tidleg i plansaka, som dermed er del av grunnlaget for saka. Følgjande går fram av saksutgreiinga til planvedtaket:

*«Naustdal kommune har innhenta bergfagleg kompetanse for vurdering av Nordic Mining sine driftsplanar, ved Promin AS. Promin har konkludert med at NM har ei god tilnærming til sine driftsløysingar.»*

Verken Promin eller Nussir ASA er partar i saka, og Promin er difor ikkje ugild etter forvaltningslova § 6 første ledd. Spørsmålet vert vidare om det ligg føre «særegne forhold» som er eigna til å «svekke tilliten til hans upartiskhet», jf. § 6 andre ledd.

Det ligg ikkje føre opplysningar om at det er noko band mellom Nordic Mining og Nussir ASA utover at dei begge er gruveselskap og at det er parallelar mellom prosessane desse har hatt i høvesvis Naustdal og Kvalsund. Nussir ASA har såleis ikkje noko direkte interesse i resultatet av plansaka.

Det følgjer av teorien<sup>4</sup> at ugildskap kan oppstå også der den forretningsmessige fordelten eller ulempa frå resultatet i saka er indirekte og usikker. For at slike interesser skal medføre ugildskap, må interessene vere aktuelle og sannsynlege.

Spørsmålet vert då om Nussir ASA vil ha ein aktuell og sannsynleg fordel av at denne reguleringsplanen vert vedteken.

Sidan situasjonen på begge stader er at KMD i 2014 og 2015 har stadfesta arealbruken som kommunane ønskte, inkludert fjorddeponi, er det vanskeleg å sjå at ei detaljregulering som er ei oppfølging av gjeldande regulering for Engebøfjellet har noko aktuell eller sannsynleg verknad for Nussir ASA si verksemd i Troms og Finnmark. Vi kan difor ikkje sjå at det som er nemnt over, utgjer eit særeige forhold som vert omfatta av vilkåra i forvaltningslova § 6 andre ledd. Vi har etter dette konkludert med at Promin i dette tilfellet ikkje er ugilde til å vere med å leggje til rette grunnlaget for saka.

Naturvernforbundet meiner at Naustdal kommune burde ha lagt nye opplysningar om nasjonal og internasjonal miljøstatus til grunn, og som følgje av dette avvist detaljreguleringssaka.

Fylkesmannen viser for det første til at detaljreguleringa ikkje omfattar sjøområda i gjeldande reguleringsplan for Engebøfjellet, og såleis er det heller ikkje gjort utgreiingar av sjøareala.

Vidare viser vi til at reguleringsplanen for Engebøfjellet vart stadfesta av KMD i 2015, etter omfattande sakshandsaming, og at detaljreguleringa er ei oppfølging av dette arbeidet.

Fylkesmannen tek i denne saka stilling til om detaljreguleringsplanen er gyldig og godt nok utgreidd. I arbeidet med detaljreguleringsplanen er det laga eigen rapport 08.01.2019 om konsekvensar for

---

<sup>4</sup> Frihagen, Inhabilitet etter forvaltningsloven, 1985, s. 248.



naturmangfald på land knytte til endringar detaljreguleringa medfører, samanlikna med den vedtekte reguleringsplanen for Engebøfjellet, vedteken i 2011. Det er som nemnt over også i tillegg gjort konsekvensutgreiingar av endringane for landskap, støy knytt til driftsveg, dimensjonering av omlagt fylkesveg 611 m/kryss, kulturminne og skredvurdering.

Planomtalen og kommunen si saksutgreiing til planvedtaket viser at ein, av omsyn til landskapsverknad og for å avgrense støy og eksponering av tung dumper-trafikk (tunge gruvekøyretøy), må akseptere den nye plasseringa av serviceområdet – trass i negativ verknad for naturmangfaldet. Dei viser i saksutgreiinga til planvedtaket at dei i tillegg også har lagt vekt på at løysinga er betre for utnytting av restmassar, næringsutvikling, næringsareal og lokalsamfunnsutvikling i Vevring. Kommunen har i sakshandsaminga lagt fram kva verknader planen får, og kva interessekonfliktar dette inneber.

Kommunen har gjort ei avveging av dei ulike interessene som vert råka av planen, og Fylkesmannen har kome til at kommunen har lagt vekt på saklege omsyn i si interesseveging og vurdering av arealbruken. Vi har kome til at kommunen har vurdert endringane tilstrekkeleg gjennom dei konsekvensvurderingar som er gjorde i saka og gjort ei forsvarleg vurdering av dei ulike interessene der det er interessekonflikt.

#### *Oppsummering*

Kommunen har generelt stor fridom til å vurdere arealbruken, og det skalmykje til for at kommunen sine konkrete vurderingar vert overprøvde i plansaker som ikkje utløyser motsegn.

Fylkesmannen konkluderer med at planen har vore gjennom ein demokratisk prosess, der sektormynd og råka partar har fått høve til å medverke i tråd med regelverket.

Vi kan ikkje sjå at kommunen i planprosessen har brote sakshandsamingsreglane eller andre reglar i plan- og bygningslova. Vi har heller ikkje funne at kommunen har teke usaklege omsyn i vurderingane av arealbruken. Klagene har dermed ikkje ført fram, og vedtaket blir stadfesta.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
assisterande fylkesmann

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Nordic Mining ASA, Munkedamsveien 45 0250 Oslo  
oppgang A Vika atrium

Sunnfjord kommune Postboks 338 6802 Førde



## Mottakerliste:

ARCTIC MINERAL RESOURCES AS	Cort Adellers gate 17	0254	OSLO
Stian Thingnes	Fjordavegen 2188	6817	Naustdal
Åse Marie H Thingnes	Fjordavegen 2188	6817	Naustdal
Veronica Standal	Fjordavegen 2164	6817	Naustdal
Jostein Standal	Fjordavegen 2164	6817	Naustdal
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
Anbjørg Johanne A Kalstad	Fjordavegen 2245	6817	Naustdal
Torgeir Vefring	Fjordavegen 2217	6817	Naustdal
Atle Jarl Wefring	Fjordavegen 2235	6817	Naustdal
NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Geir Kalstad	Fjordavegen 2245	6817	Naustdal